

## Funksjonell strandsonekartlegging, Nedrebø, Bømlo



## Bakgrunn

I seinare tid har det i fleire plansaker vore etterlyst ei grundingare vurdering av strandsone og strandsonekvalitetar frå ulik offentleg mynde.

Det er på denne bakrunnen føreteke ei kartlegging av den funksjonelle strandsona innanfor planområdet Nedrebø, Bømlo. Som metodikk har ein valgt å ta utgongspunkt i [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#) og [Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger](#). Her er hovudprinsippet for planlegging i strandsona at «strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevelingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå ueheldig utbygging.» Dette ligg til grunn for vurderinga.

Dei statlege planretningslinjene pkt 3 slår fast det generelle byggeforbodet i strandsona:

Byggeforbudet i [tbl. § 1-8](#) gjelder de tiltak som fremgår av [tbl. § 1-6](#), med unntak av fasadeendringer. Dette innebærer at det i 100-metersbeltet langs sjøen ikke er tillatt å iverksette oppføring, riving, endring, endret bruk og andre tiltak knyttet til bygninger, konstruksjoner og anlegg, terrenginngrep eller opprettelse og endring av eiendom.

Byggeforbudet gjelder også annen virksamhet og endring av arealbruk som vil være i strid med arealformål, planbestemmelser og hensynssoner.

Medan ein i pkt 4 differensierer dette på grunn av ulikt utbyggingspress i strandsona:

I områder med lite utbyggingspress og mye tilgjengelig strandsone, kan det i større grad godkjennes nye tiltak enn i områder som har lite tilgjengelig strandsoneareal og stort utbyggingspress. Tiltak i 100-metersbeltet må alltid vurderes mot hensynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

For kommunar som ligg i sone 3 (blant anna Bømlo) som har mindre utbyggingspress, gjeld følgande (pkt 10.3 – Plassering av ny bebyggelse):

Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, og med vekt på fellesløsninger for veger og annen teknisk infrastruktur.

Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig.

## Samandrag

*Ved å vurdera strandsona innanfor planområdet basert på føringane gitt i ovannemnde retningslinjer, finn ein at at noko av denne strandsona delvis er tilgjengeleg for friluftsliv, medan størsteparten ikkje er det. I tillegg ligg det føreslegne utbyggingsområdet inntil eksisterande bebyggelse. Når ein legg til at innanfor gangavstand ligg ei flott og godt tilrettelagt friluftsområde, er det planleggjar sin konklusjon at byggeområdene er eigna til utbygging. I utbyggingsområdene går det ikkje tapt viktige verdiar for allmenn ferdsle, friluftsliv eller naturverdiar.*


## Innleiing

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 5 nye naust i henhold til planskisse. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kaiar, flytebrygger og småbåthamn i sjø. Tilførselsveg nær naustområdet vert FV4996, Finnåsvegen. Parkering vert lagt vekk frå strandsoneområdet for å redusera «fotavtrykket» i strandsona. Parkeringa vert difor om lag 175m frå strandsona, målt i luftlinje.


I det vidare vert det forutsett at planomtale for detaljreguleringsplan Nedrebø, PlanID 202005 er lest, og det vert i utgangspunktet ikkje gjenteke tema som er omtala der. Kartlegginga tar for seg alle eigedomar innanfor plankartet, eller dei delane av eigedomar som er innanfor plankartet.

Bilder er henta frå [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no) (flyfoto), og eigne dronebilder frå synfaring i området, føreteke av planleggjar og [www.hoydedata.no](http://www.hoydedata.no).

## Oversikt



Bildet viser heile planområdet for Nedrebø. Området inneholder eit eksisterande naust og utbygd kai.




## *Utsnitt frå kommuneplanen*



Dronebilde av området. Naustområdet i midten av biletet



Flyfoto av planområdet henta fra [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no)



Bildet viser eksisterende sti som går til området. Den er brukt som «sjøsvei» til eksisterende naust men kan og sjåast som turveg inn i området.




Flyfoto av planområdet (2016) – henta frå [www.norgeibilder.no](http://www.norgeibilder.no)



Kartutsnitt som viser strandsona i forhold til 50m avstand fra bustadhus

Planområdet ligg i Finnåsvika, inn mot Åreidbukta. På austsida er det brattlendt opp mot Siggjo, her er det ein godt bruk turveg. Mot vest er det eit skrånande landskap med noko spredt småskog, i hovudsak lauvtre. Sjølve Åreidbukta ligg vendt mot sør/sørvest. Bukta er landskapsmessig prega av elveutløp inst inne i bukta, og har ei naturleg strand her. Strandsona er tilgjengeleg frå aust/søraust via ein sti, samt frå nord via eksisterande fritidsbustadområde. Området er tilgjengeleg for allmenn bruk og ferdsle, men lite bruk grunna topografi og brattlendt, dels skogkledd sør i området. Det er ingen gjennomgående tursti her.




Utsnitt frå www.hoydedata.no. Viser hellinggrad ved strandsona i utbyggingsområdet

I områder med hettingsgrad brattare enn 25 grader finn ein ofte at det i praksis er utilgjengeleg strandsone for ålmenta grunna at det er vanskeleg å ta seg fram her. Utbyggingsområdet for naust er brattlendt, mest i sør, medan det nord i området er relativt flatt. Her er også tilgjengeleg strandsone, men ikkje brukta, delvis grunna ei flott offentleg badestrond, Åreid, like nord for planområdet (i gangavstand).

## Tomtene

G.nr/b.nr	Eigar	Byggeområde
6/73	Sveinung Alsaker	BUN 1
6/74	Åse Norunn Nedrebø Bruvik	BUN 2



Tomtene er noko bratt og ulendt tilgjengeleg, spesielt frå sørsida og er prega av steinstrand mot sjø.

Sidan området ovanfor er bratt, er ikkje strandsona er ikkje lett tilgjengeleg for ålmenta slik ho er i dag frå oppsida. Det er allikavel tilkomst frå nord frå fritidsbusetnadsområdet. Det renn ein bekke ned gjennom området.

G.nr/b.nr  
6/2

Eigar  
Harald Koløy

Byggeområde  
BUN 3



Dronefoto viser eksisterande eldre naust.

Tomta har eksisterande kai og eit eldre naust med steinmurte sideveggar og tregavlar, bygd på ei lågare kotehøgd enn det ein gjer i dag. Her er også eit gammalt båtopptrekk inn i naustet. Her er tilkomst frå ein gammal, bratt sjøsvei frå nord. Det er ingen gjennomgående tursti i området, så sjølv om det er framkommeleg, har området ikkje stor verdi for ålmenta som rekreasjonsområde.

G.nr/b.nr	Eigar	Byggeområde
6/75	Job Normann Nedrebø	BUN 4
6/76	Harald Koløy	BUN 5





Tomtene er bratte og relativt utilgjengelege for ålmenta. Her er ikke funksjonell strandsone, og området er godt eigna til utbyggingsføremål.

Bremnes, 04.06.21

Vidar Onarheim

Planlegg Bømlo as